

## **Behandlingsansvarleg**

Klenkarberget Sommarcamp er behandlingsansvarleg for personopplysningar på [www.sommarcamp.no](http://www.sommarcamp.no).

### **Formål**

Personopplysningar vert brukt til anonymisert statistikk innad i Klenkarberget Sommarcamp.

Kontaktinformasjon vert brukt til kommunikasjon i høve søknadsstatus, arrangementsoppdateringar ved godkjent søknad og nyhendebrev dersom det er innan tre år av søknadsdato og barnet framleis er i Barneskulealder.

Klenkarberget Sommarcamp sitt grunnlag for å behandle personopplysningar vil variere, men vil i følge personopplysningslova § 8 bokstav a og b bestå av samtykke frå den registrerte eller fordi det er lovpålagt. Vidare kan det vere naudsynt å behandle personopplysningar for å oppfylle ein avtale med den registrerte eller for å oppfylle ei rettsleg forplikting.

### **Databehandlar**

Veir AS er databehandlar. Data er kryptert og lagra i eit datasenter i Måløy eigd av Localhost AS. Localhost AS har ikkje tilgang til data. Veir AS har utvikla søknadsmodulen og har dermed tilgang til anonymisert data i høve teknisk bistand.

### **Personopplysningar**

#### *Personleg data*

Namn, fødselsdato, kjønn, klesstorleik og kontakinfo vert brukt til i anonymisert statistikk innad i Klenkarberget Sommarcamp og alle søknadar vert anonymisert etter tre år.

#### *Sensitive data*

Ev. sensitive data i felta "spesielle omsyn" og "øvrig informasjon" vert automatisk sletta fire veker etter endt arrangement.

#### *Kontaktinformasjon*

Namn på føresatte, e-postadresse og telefonnummer vert brukt til kommunikasjon i høve søknadsstatus, arrangementsoppdateringar ved godkjent søknad og nyhendebrev dersom det er innan tre år av søknadsdato og barnet framleis er i barneskulealder.

### **Innhenting**

Personopplysningane ovanfor vert kun henta gjennom kontaktskjema som vert utfylt av deltakar. Personopplysningane er frivillige å gje i frå seg, men nokre av dei er naudsynte å oppgje til Klenkarberget Sommarcamp for å kunne delta på arrangementa.

Ingen personopplysningar vert utlevert til tredjepartar, men personopplysningar knytt til godkjend søknad og innbetalt deltakaravgift vert teke vare på i minimum fem år, i følge rekneskapsføringslova.

Ingen personlege eller sensitive data utanom det som er omtala i punkta ovanfor vert lagra via denne Søknadsmodulen.

### **Rettar**

Deltakarar har rett til innsyn i eigne personopplysningar, samt retting og sletting av ev. mangelfulle eller uriktige opplysningar, i følge norsk lov.

### **Kontaktinformasjon**

*Klenkarberget Sommarcamp*

Henning Haugen

Tlf: 91 86 79 77

[post@sommarcamp.no](mailto:post@sommarcamp.no)

*Veir AS*

Geir B. Skårhaug

Tlf: 97 51 39 21

geir@veir.as